

Norske trolldomsprosesser

Prosessnummer: 778

Tiltaltes navn: Gantes Marie

Årstall: 1747

Sted: Jelsa i Rogaland

dei tvo grannarne til aa gjera semja, og dei tok kvarandre i henderne yver tingbordet og lova kvarandre aa vera vener. Dermed vart saki styrd til futen; han skulde sjaa um der var noko fyr han aa gjera. Elles kunde ho verta nedlagd. Brotet var so lite at det ikkje kunde svara seg aa kosta meir paa saki med stemning og klaga.

Tonen var mildare — allvisst paa tinget. Millom bygdarfolk var det nok mange som trudde gale um kvarandre, og rett som det var kom det klagor paa folk som hadde kalla andre folk trollmenner og trollkjerigar; men sakerne vart jamnast nedlagde. Endaa var det vel ikkje fritt at sume trudde paa trolldom og dreiv paa med ymse trolldoms-kunster.

Ikring 100 aar etter dei store trolldoms-sakerne saag det ut til at det skulde verta ei retteleg trolldoms-sak i Jelsa-kallet. Det var presten der i sokni, provasten Hans Arentz, som hadde klaga paa ei kona at ho fór med trolldoms-kunster. Ho heitte Mari Njellsdotter og vart til kvardags kalla Gautes-Mari. Denne kona heldt paa aa lækja sjuke folk, og som alle kloke kjeringar skulde ho fyrst hava greida paa kvar det vonde hadde kome fraa. Ei gamall kona, Guraa Olavsdotter, hadde lege sjuk ei lang tid, og Gautes-Mari skulde freista aa gjera henne god. Fyrst fann ho daa ut at sjukdomen kom seg av det at Guraa hadde halde i hop med underjordiske. Skulde ho hjelpa henne, so laut ho fyrst mana fram dei trolli som hadde halde inne med henne. Fekk ho gjera det so skulde ho snart faa kona god att. Presten og grannarne hans vilde ikkje tru paa at ho kunne gjera dette, sa ho; men det bles ho i; vilde dei koma og sjaa paa, so skulde ho snart faa deim paa trui naar dei fekk sjaa trolli.

Presten sende klaga til futen og „rekommandered denne sag paa det indstændigste til inquisition, at saadanne Djævelens redskaber maatte ved justice udryddes av menighederne; thi mand kand let slutte, hvad skade og gudsbespottelse saadanne kand andrette, særligen hos den gemene mand som er meget gennigen til overtroe.“ Det laag provasten svært paa hjarta aa faa denne saki fram; skulde slikt ganga av utan refsing, so vart det til lite gagn alt det han truga og talde fyr folket; dei vilde taka det berre som ei munn-møda.

Saki kom fram paa tinget 1747. Det var 3 vitne paa at Gantes-Mari hadde sagt det som her er fortalt. So dømde skrivaren Morten Røder med 12 meddoms-menner ^{11/7} 1747, at Mari Njellsdotter skulde ha forbrote all egedomen sin til kongen, og at ho skulde ut or kongens land og rike.

Same sumaren kom saki fyr lagmannen, han skulde stadfesta domen. Daa møtte ikkje Gantes-Mari, so dei laut setja ut saki til trettantinget 1748. Daa fann lagmannen Lauritz Undal mykje som var gale. Gantes-Mari hadde ingen forsvarar havt, som logi baud. Det som dei tri vitni hadde sagt, var ikkje anna en ord som ho hadde gjeve fraa seg. Desse ordi kunde vera krenkjande fyr ei gamall sjuk kvinna; men den same kvinna hadde ikkje kome med klaga. Lagmannen styrde saki heimatt, so ho kunde verta teki meir logleg.

Seinare høyrer me ikkje meir um heile den greida.

Etter kvart som folk lærde meir, miste dei mykje av trui paa urimelege raader; men endaa var det mange som gøynde paa gamaldagse truer og gjorde etter dei same. I fjos og kjellar og andre stader paa garden var det løynde magter som det var best og halda seg til vens med. Det hev vore mange folk alt til skamra stunder som hev laga seg etter desse løynde magterne so mykje at dei ikkje skulde hava stort aa gjera seg til av naar dei vil døma folk i eldre tider som trudde endaa meir. Og naar folk vart sjuke, var dei glade til at dei kunde faa raader, um det so fylgde sumt med som dei ikkje heilt kunde skyna. Det liver folk den dag i dag som hev fenge hjelp hjaa kloke menner eller vise kjeringar og vorte gode av det. Mange av raaderne var visst ikkje verst, og det urimelege som fylgde med, slik som mæling og maning, kunde ikkje gjera stor skade, tykte dei. Vert raaderne reint urimelege, so lær folk i seinare tid, og det er kann henda det beste merke paa at me er lenger kome en dei gamle.

Ei segn fraa ei av Fjordbygderne syner oss kor godt folk kunde læ.

Det var ei kona som laag sjuk og hadde so vondt at det saag reint spelegt ut. Sjølv trudde ho helst det vart dauden. Det einaste var um ho kunde faa ei raad fraa ei trollkjering